



Vurdering for utvikling

Rapport



Bjordal Skule

Veke 43, 19.-21.10.2020

Tema: Bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet

Vurderar

Endre Johan B. Natvik

Vurderar

Anne Erstad

Innhold

1. Førord.....	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema.....	4
4. Frå vurdering til endring av praksis.....	7
5. Framtidsbilete	8
6.Vurderingar	9
7. Spørsmål til refleksjon.....	16
8. Vidare arbeid.....	17
Vedlegg:	18

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiarer for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Oktober 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule,
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Bjordal skule er ein skule som har god dekning av utstyr og tilgong på programvare. Fronter blir nytta som læringsplattform mellom elev-lærer og elev-elev. Når nedstenginga av korona starta kom TEAMS inn på bana for å gi høve til heimeundervisning. På skulen er det ressurs lokalt på IKT som ligg på ein tilsett som har høve til å hjelpe andre med tekniske løysingar og bruk av programvare. Dei tilsette deltar på webinar og opplæring i bruk av programvare som kompetanseheving.

Skulen hadde ein IKT plan før, som dei ynskja å revidere. Dette arbeidet held ein no på med og lagar ein IKT-plan som ei trapp som skal konkretisere kva kvar enkelt klasse skal kunne etter enda årstrinn. Dette vil gjere det oversiktleg for lærar som tar over klasse og gjev høve for å bygge på den digitale kompetansen vidare i utdanningsløpet. Planen skal vere levande og dynamisk for å vere aktuell no og i framtid.

Foreldre opplever god og enkel dialog med skulen. Det er enkelt å få kontakt om det er noko ein lurar på.

Elevane seier dei har god tilgong på maskinvare, både iPad, PC og programvare til fag og digitale bøker. Dei seier dei kjenner seg svært kompetente digitalt, til tider meir enn dei vaksne rundt dei.

3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

Bjordal skule ligg på sørsida av Høyanger kommune. Det er ein 1-10 skule, og elevane kjem frå fleire bygdelag; Ikjefjord, Bjordal, Søreide og Ortnevik. Mange elevar tek buss til skulen, og fleire har 40-45 min reisetid, kvar veg. Skulen er bygd i 1990, og deler av bygningsmassen vart renoverert i 2010. Elevar og lærarar tykkjer ein har ein lys og triveleg arbeidsplass. Uteområdet har ballbinge, bane for idrett og sandvolleyball, gapahauk og leikeområde med leikeapparat for dei yngste. Nærmiljøet innbyr til undervisning på alternative læringsarenaer som fjord, fjell og utmark.

Skulen er samlokalisert med barnehagen, og SFO- elevane går til barnehagen når skulen er slutt.

Måndag og torsdag har elevane i 1.-4. kl. tilbod om leksehjelp før dei går på SFO. Leksehjelpea omfattar også 5.-7. kl. med 2 timar i veka.

Elevane inviterer bygdefolk til ulike arrangement gjennom året, og er dermed ein viktig aktør i lokalsamfunnet.

Skulen har pr. no ca 20% framandspråkleg elevar – hovudsakleg frå Aust - Europa, men også frå Tyskland. I lærarstaben har vi lærarar som snakkar polsk, tysk og russisk. Dette har letta opplæringa for elevane, og samarbeidet med foreldra.

Låge barnetal er den største utfordringa for skulen, og dei siste åra har vi stadig mindre barnekull.

Skuleåret 20/21 er vi 26 elevar, medan vi tidlegare var nærare 60.

I overordna del av LK 2020 mellom anna at opplæringa skal fremje vitenskapleg tenkjemåte. Vidare i verdigrunnlaget er det eit eige kapittel om kritisk tenking og etisk medvit. I arbeidet mot desse måla blir arbeidet med informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) viktig. «Kritisk tenking og etisk medvit er både ei føresetnad og ein del av det å lære i mange ulike samanhengar (LK 2020, Overordna del).

Vidare i overordna del finn vi at skulen skal leggje til rette for og støtte elevane si utvikling av dei fem grunnleggjande ferdigheitene gjennom heile opplæringsløpet. Læreplanverket definerer fem grunnleggjande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Desse ferdigheitene er del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskapar for læring og fagleg forståing. I undervisninga må dei grunnleggjande ferdigheitene sjåast både i samanheng med kvarandre og på tvers av fag. Dei grunnleggjande ferdigheitene høyrer heime i alle fag, men faga spelar ulike roller i utviklinga av dei ulike ferdigheitene. (LK 2020, Overordna del).

Skulen har i dag god tilgang til digitale hjelpemiddel. Elevane har eigen datamaskin, og klasseromma har elektronisk tavle. Skulen nyttar Fronter som læringsplattform, og kommunikasjonen med foreldra går via Visma. Ikt vert nytta på alle steg i alle fag, og førre skuleår tok 2 lærarar vidareutdanning i programmering. På ungdomssteget er det valfaggruppe i programmering.

Vi opplever at elevar og lærarar har adekvat kompetanse for å kunne nytte ulike digitale verktøy i undervisninga, men ekstern vurdering gir oss høve til å utvikle oss vidare. Undervegs i arbeidet med framtidssbilete såg vi behovet for å lage ein ny forpliktande IKT-plan. Vi er komne godt i gang med dette arbeidet. Planen inneheld ein IKT-trapp for 1.-7. klasse, og ein IKT – plan for 8.-10.klasse.

Planen vil hjelpe oss til å sikre kunnskap for lærarar og elevar. Dette skal vere ein dynamisk plan med oppdateringar undervegs – for elevar, lærarar og foreldre.

Bakgrunnen for val av tema er auka kunnskap i bruk av Ikt, og at ekstern vurdering kan gje oss gode innspel for vidareutvikling.

Vi tek med eit utdrag frå læreplanen i omtalen om digitale ferdigheiter i dei fleste av faga:

Norsk

Digitale ferdigheiter i norsk er å kunne finne, vurdere og bruke digitale kjelder i arbeid med tekst. Det inneber å bruke digitale ressursar kreativt til å skape samansette tekstar og å utvikle kritisk og etisk medvit om det å framstille seg sjølv og andre digitalt.

Matematikk

Digitale ferdigheiter i matematikk inneber å kunne bruke grafteiknar, rekneark, CAS, dynamisk geometriprogram og programmering til å utforske og løyse matematiske problem. Vidare inneber det å finne, analysere, behandle og presentere informasjon ved hjelp av digitale verktøy.

Kroppsøving

Digitale ferdigheiter i kroppsøving er å kunne bruke digitale ressursar til å utforske, vere skapande og løyse praktiske utfordringar i faget. Det inneber òg å bruke digitale ressursar bevisst og kritisk til å utvikle ein trygg identitet, kroppsmedvit og eit positivt sjølvbilete.

Samfunnsfag

Samfunnsfag har eit særleg ansvar for at elevane utviklar digitalt medborgarskap. Digitale ferdigheiter i samfunnsfag inneber å kunne bruke digitale verktøy til å finne, behandle og navigere i digitale kjelder, utøve digital kjeldekritikk og velje ut relevant informasjon. Det handlar òg om å kunne kommunisere, samarbeide og skape digitale produkt og om å følgje reglar og normer for nettbasert kommunikasjon, personvern og opphavsrett.

Kunst og handverk

Digitale ferdigheiter i kunst og handverk inneber å kunne bruke digitale verktøy og media til inspirasjon, utprøving, dokumentasjon og presentasjon. Det inneber også å bruke digitale verktøy og programmering i kreative og skapande prosesser. Kjennskap til regler om opphavsrett og personvern når ein nyttar egne eller andre sine bilete, filmar og skapande arbeid, er vesentleg på alle trinn.

Naturfag

Digitale ferdigheiter i naturfag er å kunne bruke digitale verktøy til å utforske, registrere, berekne, visualisere, programmere, modellere, dokumentere og publisere data frå forsøk, feltarbeid og andre sine studie. Digitale ferdigheiter er også å bruke søkeverktøy, meistre søkestrategiar, kritisk vurdere kjelder og velje ut relevant informasjon om naturfaglege emne.

Engelsk

Digitale ferdigheiter i engelsk er å kunne bruke digitale media og ressursar for å styrke språklæringa, for å møte autentiske språkmodellar og samtalepartnarar på engelsk og for å tileigne seg relevant kunnskap i engelskfaget.

KRLE

Digitale ferdigheiter i KRLE inneber å kunne bruke digitale ressursar i eige skapande arbeid. Det omfattar også å kunne innhente informasjon om religionar og livssyn frå digitale kjelder og tolke og kritisk vurdere informasjonen. Utviklinga av digitale ferdigheiter i faget går frå å bruke enkle samansettingar av tekst, lyd og bilete til å kunne lage og vurdere samansette digitale produkt for framstilling av faglege tema.

Musikk

Digitale ferdigheiter i musikk er å kunne bruke musikkteknologi til å utøve, lage og oppleve musikk. Dette inneber å bruke digitale verktøy kreativt til å gjere opptak, omarbeide og manipulere lyd og bruke programmering i skapande arbeid. Digitale ferdigheiter er også å utøve digital dømmekraft. Det inneber å følge reglar for opphavsrett i møte med eigen og andre sin musikk og utvise nettetikk i samhandling med andre.

Mat og helse

Digitale ferdigheiter i mat og helse er å kunne bruke eit variert utval av digitale ressursar og teknologiar for å styrkje dei praktiske matlagingsferdigheitene. Det er òg å formidle og vurdere digitale tekstar og lyd-, bilet- og filmler som er relevante og truverdige for faget.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern skulevurdering er eit verktøy for å hjelpe skular å vurdera og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til skulen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern skulevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen



Utifrå informasjonen vurderarane får gjere dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det skulen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern skulevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, læreplanen eller skulen sine egne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

Tema: Bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet i 1. – 10. klasse

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Elevane Nyttar digitale verktøy for å hente inn og handsame informasjon, vere kreative og skapande med digitale ressursar, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgjevnader. (Jfr. K20– overordna del – grunnleggjande ferdigheiter)	<ul style="list-style-type: none">• Elevane har tilgang til faglege, relevante digitale ressursar og verktøy• Elevane nyttar digitale ressursar for å løyse oppgåver i alle fag• Elevane er kritiske til kjelder, og reflekterer etiske rundt spørsmål knytt til bruk av digitale verktøy og ressursar
Lærarane Lærarane er leiande pådrivarar, og førebilete for forsvarleg og etisk bruk av digitale verktøy (Jfr. K20– overordna del – grunnleggjande ferdigheiter)	<ul style="list-style-type: none">• Lærarane nyttar digitale ressursar og verktøy for å skape variasjon og for å auke læringsutbyttet.• Lærarane har god kjennskap til skulen sin IKT – plan• Lærarane legg vekt på kjeldekritikk og etisk refleksjon rundt digitale verktøy og ressursar
Føresette Føresette medverkar, har medansvar og skulen legg til rette for samarbeid med heimen (Jfr. K20– overordna del – Samarbeid mellom heim og skule)	<ul style="list-style-type: none">• Det er godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og skule/lærarar• Digitale ferdigheiter er tema på foreldremøte og utviklingssamtalar• Føresette medverkar og støttar borna i opplæringa, særleg med omsyn til nettvett og kjeldekritikk
Skulen Har kapasitet og evne til digital utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov• Leiinga legg til rette for at alle har tilgang til tilfredsstillande digitale verktøy og ressursar• Organisasjonen har vilje og evne til digital utvikling og endring av digital praksis• Organisasjonen har vilje og evne til digital utvikling og endring av digital praksis

6.Vurderingar

Kvalitetsmål elevar:

Nyttar digitale verktøy for å hente inn og handsame informasjon, vere kreative og skapande med digitale ressursar, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgjevnader. (Jfr. K20– overordna del – grunnleggjande ferdigheiter)

1. *Teikn på god praksis: Elevane har tilgong til faglege, relevante digitale ressursar og verktøy*

God praksis:

Vi har hørt elevar sei at dei har tilgong til maskinvare i form av iPad og PC eller eigen mobil når det er naudsynt og føremålsteneleg. Elevar trekker fram ei mengde programvarer som blir brukt, mellom anna Geogebra, Excel, word, powerpoint, prezi. Sistnemnde var noko elevane sjølv fann og har fått lov til å ta i bruk som alternativt presentasjonsreiskap, noko dei synes var kjekt. Smartboard er tilstade i alle klasserom i tillegg. Ressursar som blir tatt i bruk på nett som blir nemnd er brettboka, skolestudio, Relemo, AskiRaski, CD-ord, Teams og Fronter. Fronter blir hovudsakleg brukt som portal for tekstlevering mellom lærar og elev, samt tilbakemelding og undervegsvurdering.

Som produksjonsreiskap trekker fleire elevar fram i eit mangfald av årstrinn at dei likar å jobbe med iMovie for filmproduksjon og redigering. Brettboka og Skolestudio er noko elevane sett pris på då dei ikkje treng å ta med seg bøker til og frå skulen, men kan bruke digitale ressursar der dei er.

Elevane gjev uttrykk for at det er enkelt å sette seg inn i ulike program, men seier samtidig at det kan vere elevar som kanskje er usikre då det kjem an på kor mykje PC dei er vandt til å bruke privat.

Frå 7. klasse får elevane PC utlevert som dei kan ta med seg heim til ut 10. klasse.

Praksis som kan bli betre:

Kommunikasjon mellom elev og lærar er for dei eldste gjennom Messenger seier elevane. Her kan ein med fordel ta i bruk alternativ som ligg under sikra vegg hos skulen og ha lik praksis for alle. Blant dei eldre elevane blir det sagt at alle har tilgang til messenger. Elevane gjev uttrykk for at det er mange plattformer som er tilgjengeleg, men at det er innarbeida kva plattform som blir brukt til kva føremål.

Vi har hørt elevar sei at dei får tilbakemelding gjennom Fronter eller på papir. Dette er òg avhengig av den enkelte lærar. Nokon brukar kommentarfunksjon i dokument, andre skriv ut tekstar og rettar for hand. Dette har vi sett i praksis, begge deler. Elevane gjev uttrykk for at det kunne vere bra med ein metode å gjere dette på som var felles for alle. Elevane gav uttrykk for at det virka spennande å drive med samskriving, men at dei hadde lite erfaring med det digitalt.

2. *Teikn på god praksis: Elevane nyttar digitale ressursar for å løyse oppgåver i alle fag*

God praksis:

Elevane bruker mykje digitale ressursar til å hente informasjon og inspirasjon. Dette gjeld for dei fleste fag seier elevane og blir trekt fram av lærarane i tillegg og vi har sett det i praksis. I kunst og handverk er YouTube hyppig i bruk for å hente inspirasjon, same gjeld i samfunnsfag for å få noko forklart via video seier elevane. Sistnemnde trekk fleire elevar fram som ei god kjelde for å forstå noko litt betre enn ved å lese om. Ein nyttar digitale reiskap til å skrive rapportar, finne bilete og informasjon seier elevane. Skolestudio trekker elevane fram som positivt for å kunne arbeide med fleire fag på same stad, finne og jobbe med tema.

Teams var ein god plattform under heimeskule og fungerte godt, sjølv om det var heilt nytt for elevane så greidde dei å tileigne seg minimumkompetanse for å ta det i bruk.

Fleire elevar trekker fram det å lage film som metode for å arbeide grundig med innhaldet. Elevane seier dei synes det er kjekt å redigere og produsere film for å vise fram kva dei har lært og seier dei nytter dette som metode i fleire fag.

Elevane seier dei opplever god arbeidsro sjølv når digitale ressursar er i bruk. Dei trekker fram at det er naturleg at ein som elev fell litt av undervegs i all undervisning, akkurat som ein gjer når ein har ein skjerm føre seg, men at dei er flinke til å hente seg inn og fokusere på undervisning igjen. Dei trekk fram at det mest truleg er fordi det er små klassar at det er slik. Vi har og sett elevar som veksler mellom å arbeide med fag og gå inn på andre sider, men henter seg inn igjen og fortsetter arbeid uten at det blir påpeika at dei må konsentrere seg. Elevane seier det er positivt at det blir brukt øyreklokker når ein arbeider individuelt med kjelder som har lyd.

Praksis som kan bli betre:

Vi har høyrte alle elevar sei at kroppsøving nyttar lite, eller ingen, digitale ressursar, og dei trekk sjølv fram moglegheiter som å bruke tid, kamera og digitale kart som potensielle ressursar for å jobbe i faget.

Dei fleste elevane, og lærarar, seier at mykje av bruken av digitale reiskap går til å hente inn informasjon, men få nemner korleis digitale ressursar kan brukast til å skape kreativt og kritisk arbeid som aukar læring.

Eldre elevar trekk fram at dei synes det er rart at dei har lite bruk av Excel når dei veit at Excel kjem i fokus på eksamen.

3. *Teikn på god praksis: Elevane er kritiske til kjelder, og reflekterer etisk rundt spørsmål knytt til bruk av digitale verkøy og ressursar*

God praksis:

Vi har snakka med fleire elevar som alle trekker fram kryssjekking av kjelder som ein aktiv strategi, om dei kan finne den same informasjonen fleire stader så aukar det

truverd. Elevane seier dei er medviten om ei side er trygg eller ikkje, enten det er grunna reklame, popups, kjenneteikn i URL`e feltet. Elevar har trekt fram at dei liker *.no sider og sider som har kjeldeliste i botnen av tekst. Det er alltid mogleg å spørje lærar om ein er usikker på kjelda.

Mange elevar seier at dei veit at ein ikkje kan stole på alt som er på nett. Elevar har trekt fram at dei har hatt besøk av til dømes Politiet om å lære om nettvett. Då trekker dei fram sosiale medier og tryggleik der og kan fortelje om mange viktige ting å tenkje over på nett for å ivareta sikkerheit. Vi har sett plakater i klasseromma om nettvettsreglar, lærarane stadfestar at denne blir tatt fram og samtala om fleire gonger i året.

Praksis som kan bli betre:

Fleire elevar seier at mykje av kjeldekritikk og nettvett handler om "sunn fornuft" som dei lærar her og der. Det er stor variasjon i kva dei tenkjer kjem frå skulen og kva dei har funne ut sjølv eller berre veit frå før av.

Elevane gjev uttrykk for at det ikkje er systematisk arbeid med kjeldekritikk. Når vi spør dei om strategiar så kjem alle med sine eigne meiningar, men at det er basert på det dei har lært og forstår som logisk og skulen har lært dei lite om temaet. Alle gruppene har blitt spurt om TONE (truverd, objektivitet, naudsynt og "egnethet"), ingen elevar har hørt om dette.

Kvalitetsmål: Personalet/tilsette

Er leiande pådrivarar, og førebilete for forsvarleg og etisk bruk av digitale verktøy

(Jfr. K20– overordna del – grunnleggjande ferdigheiter)

1. *Teikn på god praksis:* Lærarane er leiande pådrivarar, og førebilete for forsvarleg og etisk bruk av digitale verktøy

God praksis:

Lærarane er samde i at ein nyttar digitale reiskap når ein tenkjer det er føremålsteneleg. Utstyr som blir brukt er tavle, kalkulator, iPad, PC, især der ein føler at eleven treng mengdetrening. Lærarane nemner nettressursar til læreverk, som Skolestudio, "hallo aus Berlin", Zeppelin, Lokus, CD-ord, GeoGebra og Stairs. Fleire av dei digitale ressursar blir brukt som sjølvinstruerande oppgåver i til dømes stasjonar. Dette er noko lærarar og elevar seier og som vi har sett.

Lærarane seier dei til tider må jobbe aktivt for å få elevar til å bruke data då dei ofte vel å skrive i bok framfor på datamaskin om dei kan velje sjølv. Spesielt om det er oppgåver som stikkord og tankekart. Lærarane seier det er brukt mykje tid på å få elevane til å bruke presentasjonsreiskap.

Bruken av digitale reiskap aukar med alder, for dei yngste er det konkret arbeidsplan kvar dag med nettressursar til supplering og samtale om reglar, ord og uttrykk, nettvett og kjeldekritikk.

Praksis som kan bli betre:

Det kjem fram frå lærarar og elevar at det varierer i kva grad av kompetanse den tilsette har i bruk av digitalt utstyr på skulen. Det er ynskjeleg at alle har ein minimumkompetanse på relevant utstyr og programvare som er i bruk seier elevane.

Lærarar trekk fram at det er vanskeleg å planlegge med hensyn til korleis ein skal få ut effekten av digitale reiskap maksimalt. Det krev mykje erfaring og erfaringsutveksling når det digitale skal vere med å styrke læringa. Til dømes er samskriving og samarbeid digitalt noko ein har prøvd, men både lærarar og elevar seier at ein ikkje har gjort dette tilstrekkeleg systematisk over tid for å få nok erfaring.

Når vi spør elevar og lærarar korleis ein veit kva bilete ein kan nytte frå nett er dei fleste usikre korleis ein kan filtrere ut bilete som er lovleg og ikkje lovleg.

2. *Teikn på god praksis:* Lærarane har god kjennskap til skulen sin IKT – plan

God praksis:

Det er ein lokal IKT plan under arbeid som skal vere levande og dynamisk, bygd opp som ei trapp. Den skal vise kva som er forventa for kvart klassetrinn slik at ein kan bygge vidare for kvart år. Det strekker seg frå 1. klasse der ein har fokus på å lære kva passord, konto, sikkerheit og digitale omgrep, til bruk av diverse programvare og sjølvstendig bruk til 7. klasse. For 8.-10. ligg skal det vere ein meir heilskapeleg plan innanfor IKT.

Lærarane trekk fram at det er låg takhøgde for erfaringsdeling og utveksling, formelt og uformelt, både på lærarrommet og organisert tid. Ein deltar på webinar som skulen har kjøpt og har tilbod om å reise på besøk til andre skular/kommunar for inspirasjons og uformell kompetanseheving. Lærarane trekk fram at det er fokus frå leiinga om å utvikle seg innanfor bruk av digitale ressursar for læring. Det er fokus på team-møte og fellestid.

Skulen har ein IKT-ansvarleg som har avsett ressurs til å hjelpe andre på skulen med tekniske utfordringar og kompetanseheving på ulike områder som er naudsynt der og då. Ein deltar på videomøte med andre skular i Høyanger over TEAMS for erfaringsutveksling og samarbeid for vidareutvikling av kompetanse og utvikling lokalt. Høyanger kommune har denne hausten tilsett to e-pedagogar som skal vere ressurs for skulane.

Praksis som kan bli betre:

Elevar og lærarar seier det er variasjon i kva kvar enkelt lærar kan og mestrar av digitale ressursar og dei opplever at nokon lærarar brukar digitale ressursar aktivt, andre unngår det. Lærarar trekker fram at dei ynskjer opplæring i bruk av nytt utstyr, til dømes ny skjerm og programvarer som TEAMS for å kunne ta faglege val om bruk og kva områder det eventuelt kan erstatte, om det skal erstatte noko.

Lærarar framsnakkar den lokale IKT-planen som er under arbeid, samstundes seier føresette at dei veit at den finns, men ikkje kva den inneheld. Lærarar, føresette og elevar seier det er mange plattformar å forhalde seg til, der kvar enkelt plattform har sin bruk, sjølv om plattformane kan gjere meir.

3. *Teikn på god praksis:* Lærarane legg vekt på kjeldekritikk og etisk refleksjon rundt digitale verktøy og ressursar

God praksis:

Lærarane er samde i at det skal vere fokus på kjeldekritikk og etisk refleksjon omkring digitale reiskap og ressursar. I planen som er under arbeid byrjar ein allereie frå 1. klasse med å samtale om kjeldekritikk, til seinare i løpet der ein skal vere meir aktive produsentar med tekst og bilete.

Vi har sett det heng nettvettreglar i klasseromma, lærarane påpeikar at desse må gjentakast ofte og minnst på då det ikkje er automatisert, noko elevane seier og. Skulen nyttar eksterne aktørar som til dømes politiet og film/musikkskaparar omkring nettvett og åndsverkloven ca. annakvart år for dei eldste som supplement til å gjere dei medviten om si eiga rolle i det digitale samfunnet. Lærarane seier det er aktivt arbeid med fokus og påminning om reglar knytt til bilete frå nett og biledeling i sosiale medier.

Ein har høve til å kommunisere med alle føresette gjennom Messenger, dette seier lærarar og føresette. Lærarar og føresette opplever at dette fungerer godt med ein felles stad for uformell og raske beskjedar. Det er semje om at foreldre skal kunne bruke elevtilgang på Fronter. Messenger er brukt til uformelle og usensitiv informasjon, Fronter er formell informasjon og sensitiv materiale.

Praksis som kan bli betre:

Føresette ynskjer å motta planar i papirformat gjennom ranselpost, sjølv om det er mogleg å distribuere digitalt. Det er ynskjeleg både av lærarar og føresette med foreldretilgang på plattform som er i bruk då det kan lette korleis ein kommuniserer og distribuerer arbeid og planar mellom heim og skule, samt sleppe å gå gjennom eleven sin brukar.

Kvalitetsmål: Foreldra

Føresette medverkar, har medansvar og skulen legg til rette for samarbeid med heimen

1. *Teikn på god praksis: Det er godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og skule/lærarar*

God praksis:

Foreldra er nøgde med kommunikasjonen med skulen. Mykje går på Messenger fordi det er enkelt. Foreldra får den informasjonen dei treng når dei loggar seg på i Visma eller Fronter. Også lærarane er nøgde med kommunikasjon gjennom Messenger, eventuelt for å gjere merksam på at det ligg viktig informasjon i andre kanalar.

Greitt og viktig med ein balanse mellom digital og personleg kontakt. Ein ønsker ta vare på den personlege kontakten, samtidig som ein ønsker at skulen skal vere gode på digital utvikling.

Lærarane seier at også framandspråklege føresette har god infoflyt Bruker Messenger, bilde, info, Tekst til tale begge vegar.

Foreldra vil ha plan i papirformat. Dei har tilgang i Fronter gjennom elevpålogging. Skulen kan endre passordet til eleven dersom han ikkje gir foreldra tilgang.

Foreldra kan få nyhendevarsel frå heimesida, då må dei stadfeste på e-post.

Praksis som kan bli betre:

Det er mange plattform og ein må vere tydeleg på kva plattform som skal brukast til kva type informasjon.

Skulen og føresette må skilje mellom det som er sensibel og ikkje-sensibel informasjon. Det som ikkje må komme ut er personlege opplysningar om eleven. Ein må ikkje gjere det som ikkje treng vere sikkert for vanskeleg å bruke.

Det er ikkje foreldretilgang i Teams, dette må løysast på høgare nivå?

2. *Teikn på god praksis: Digitale ferdigheiter er tema på foreldremøte og utviklingssamtalar*

God praksis:

Ein har gått igjennom dei ulike plattformer (heimeside, Visma, Messenger, Fronter) som finns for å sikre at foreldra kjem seg inn.

Nettvett har vore tema mellom skule og heim, men har ikkje vore tema i foreldregruppa

Praksis som kan bli betre:

Nettvett har vore tema for dei eldste elevane, foreldra kjenner ikkje til at dette var tema hos dei yngre,

3. *Teikn på god praksis: Føresette medverkar og støttar borna i opplæringa, særleg med omsyn til nettvett og kjeldekritikk*

God praksis:

Foreldra seier at dei prøver så godt dei kan. Hjelper elevane til å leite opp kjelder, finne informasjon. Føler ein bør lære seg for å følgje med.

Utsjekke mål, lekserettleiing. Passe på at internett virker. Legge til rette for fiber.

Praksis som kan bli betre:

Usikre korleis det er med reglar rundt mobilbruk. Har vore mobilhotell før. Har skulen reglar for PC-bruk? Har ikkje sett reglane for dette. Ingen underskrifter frå foreldra før PC blir delt ut.

Har det blitt drøfta (felles) reglar rundt bruk av digitale verktøy i fellesskap på skulen?

Så lenge det ikkje er eit problem, er det ikkje nødvendig. Skulen bør ha eit fokus på nettmobbing.

Koronatida: Det som var der var bra, men mengda av oppgåver for elevane var liten. For dei lågare trinna måtte foreldra ta mykje ansvar for gjennomføringa. Kort tid med lærarane. Varierte frå lærar til lærar.

Diskusjonen i heimen går mykje i begrensning av tid. Treng også vaksenopplæring i nettvett. Foreldra kjenner ikkje til at politiet har vore på skulen. Mange nivå av nettvett. Er vanskeleg å forstå det store biletet. Eit ønske om meir fokus og opplæring i nettvett, både for foreldre og elevar.

Nivået på digital kompetanse ved Bjordal skule er midt på treet meiner foreldra. Her kunne kanskje skulen vore tydelegare/hjulpe til med korleis ein kan medverke og støtte i forhold til det digitale.

Foreldra ønsker å følgje med på kva elevane gjer. No kan det vere lettare å følgje med på kva som skjer. Elevane meiner at foreldra kan hjelpe dei, men dei greier det meste sjølv og spør medelevar.

Kvalitetsmål: Skulen har kapasitet og evne til digital utvikling

1. *Teikn på god praksis: Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov*

God praksis:

Skulen er medviten om behovet for god bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet og leiinga legg til rette for utvikling gjennom uformelle og formelle møte. Skulen ønskjer å utvikle eit verktøy, IKTplan, som set standard for arbeidet med digital opplæring. Ein ønskjer også å bli fortruleg med digitale nettressursar til ulike læreverk.

Digital ressurs på enkeltperson. Lav terskel for å spørje. IKT-ansvarleg lett å spørje både hardware og software. Kanskje større ressurs til IKT-ansvarleg, opplæring og kursing av tilsette sin kompetanse. Digital dugleik ligg hos den enkelte faglærer. Lærarane er motiverte til meir digital opplæring.

God delingskultur. Kjøpt kurs i CD-ord, ATEA på webinar. Ser webinar i lag. Dei fleste har høg "ubunden pott" som dei kan ta av til eigen oppdatering. Ikkje berre digital kompetanse.

Praksis som kan bli betre

Nye program og arbeidsmåtar må lærast (Teams), og både der og i digitale læreverk ønskjer skulen å finne fram til fleire funksjonar som kan hjelpe i det didaktiske arbeidet. Skulen ønskjer å hospitere hos andre skular.

2. *Teikn på god praksis:Leiinga legg til rette for at alle har tilgang til tilfredsstillande digitale verktøy og ressursar*

God praksis:

Elevane har 1:1 tilgang til digitale reiskap (iPad og maskin). Oppvekstsjef har vore på, tavle og utstyr skal vere tilgjengeleg. Skuleeigar føl godt opp.

Ein person som passer på maskinparken og har melding på den.

Nye fronter og TEAMS - har ein andre å spele på? Opprettar grupper på TEAMS og Fronter lokalt. Sjølvlært i bruk.

Praksis som kan bli betre:

Skulen meiner at det er fleire som har god digital kompetanse, nokon høgare, men fleste har grunnivå. Dei som jobber med fag som er meir digitalisert er kome lenger.

Lærarane ønskjer etterutdanning/vidareutdanning heller enn kurs.

Dei meiner det trengs ei opprydding i /oversikt over kva program/app ein skal ha.

3. *Teikn på god praksis: Organisasjonen har vilje og evne til digital utvikling og endring av digital praksis*

God praksis:

Har det ein treng av digitale reiskap pr. i dag (dingser/Hardware).

CD-ord skal alle lære seg å bruke. Før for dyslektikarar, men CD-ord passer til alle. Er beskjed frå organisasjon til tilsette. Tidleg innsats med dette programmet.

Aski Raski og RELEMO. RELEMO når ein mangler grunnleggande leseopplæring.

Mykje av IKT-planen viser til datamaskin

Praksis som kan bli betre:

Vi har sett bruk av IKT i opplæring av dei andre grunnleggande ferdigheiter, lesing skrivning og rekning. Vi har høyrd mindre om gode strategiar i læringsarbeid og kommunikasjon.

Skulen har ikkje noko gjennomtenkt bruk av iPad og er avgrensa av tilgangen på appar. Skal til Vadheim skule for inspirasjon til bruk av app.

Læringsstrategi med digitale reiskap? --> Læreverk er gode på det (Zeppelin), kan overførast digitalt. Føremålsteneleg bruk av data; to-kolonne til dømes. Bruk av PC bidreg til variasjon, gjev betre læringsutbytte og auka motivasjon.

7. Spørsmål til refleksjon

Bakgrunn	Refleksjonsspørsmål
IKT står for <i>informasjon og kommunikasjons-teknologi</i> . Her er mange gode eksempel på "i" og "t" ved Bjordal skule.	Kva ligg i omgrepet kommunikasjon i høve til vurdering og læring? Korleis utnytte kommunikasjon digitalt for å effektivisere læringsdialogen mellom lærar-elev og elev-elev?
Elevmedverknad i det digitale klasserommet:	Korleis bruke digitale hjelpemiddel til differensiering og større elevaktivitet som samstundes gir lærar høve til å jobbe med rettleiing?
Didaktisk potensiale	Korleis kan ein bruke digitale verktøy i andre deler av opplæringa enn opplæringa i fag: lære og lære, djupnelæring og dei tverrfaglege emna?
Kreativitet	korleis kan ein bruke digitale verktøy i kjerneelementa i faga for å gjere elevane til produsentar i staden for konsumentar av læring?

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein måned etter vurderinga skal skulen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast. Gjennom rapporten skal skular rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Bjordal skule, 21.10.2020

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Anne Erstad

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Endre Natvik

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette, leiing, elevar, elevråd og foreldre ved Bjordal skule.

Eksterne: Anne Erstad og Frank Oppedal

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med rektor fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og tre dagar på skulen. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Framdriftsplan:

Tidspunkt: v. 43, måndag 19.10- onsdag 21.10.20

Tema: Digitale verktøy i undervisninga

- Veke 33: Oppstartsmøte med begge personala og utviklingsrettleiar
- Veke 35/36: Skulen sender første utkast til framtidsbilete
Vurderarar blir kopla på
- Veke 37: Tilbakemeldingar på framtidsbileta frå utviklingsrettleiar og vurderarar
- Veke 39: Vurderarane møter barnehagen og skulen
Tilbakemeldingar på framtidsbilete
- Veke 40: Skulen godkjenner framtidsbilete
Skulen sender relevante dokument (IKT-plan, årsplanar ol.)
Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Barnehagen/skulen bestemmer to ulike tidspunkt (19.09) og sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.
Barnehagen/skulen inviterer også tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, leiar i elevråd, kommunalsjef (Solveig og Stig) til presentasjon av rapporten siste vurderingsdag
- Veke 42: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbileta og sender skulen tidleg i veka
Rektor sender desse tekstane til vurderarane (skal limast inn i rapporten):
- Presentasjon av skulen
 - Bakgrunn for val av vurderingstema
- Veke 43: **Vurderingsveka**
- Måndag:
- Observasjon (særleg slutt på dag)
- Samtale med barn og elevar (eininga set saman og lagar plan ut frå hensiktsmessig alder, gruppestørrelse og timeplan)
- Samtale med tilsette (eininga set saman og lagar plan)
- Foreldremøte barnehage kl. 18? (Eininga inviterer inn)
- Foreldremøte skule kl.19? (Eininga inviterer inn)
- Tysdag:
- Observasjon (særleg start av dag)
- Samtale med elevar (skulen set saman og lagar plan)

Samtale med tilsette (skulen set saman og lagar plan)
Samtale med leiing på slutten av dagen

Onsdag: Skulen ferdig kl. 1440.

08.00- 13	Skrivning av rapport
13.00	Førebels rapport levert til rektor
(14.30)	Førebels rapport levert til styrar
15.00	Presentasjon av rapport for skule (tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef++)
(16.30)	Presentasjon av rapport for barnehage (tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef++)

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema/påstandsskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Gruppesamtalar/gruppeintervju med lærarar, elevar, foreldre (FAU og leiing.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i skulen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Elevperspektivet:

4. Kva digitale reiskap har ein tilgang til å bruke på skulen?
 5. Kva synes du om å nytte digitale reiskap?
 6. Trur du alle har det slik?
 7. Er det nokon som synes det er vanskeleg?
 8. Kunne du noko om desse frå før du begynte?
 9. Korleis føler du digitale reiskap påverkar deg i læringsprosessen?
 10. Korleis hjelper det deg til å lære?
 11. På ein betre måte?
 12. På ein anna måte?
 13. Trur du alle føler det slik?
 14. Kva kan du gjere digitalt som du ikkje kan gjere utan?
 15. Kva vil du helst gjere utan digitale reiskap? Og kvifor?
 16. I kva grad blir digitale reiskap brukt i ulike fag?
 17. Er det fag det blir brukt meir?
 18. Er det fag det blir brukt mindre?
 19. Er det nokon fag som er vanskeleg å bruke digitale reiskap?
 20. Elevane nyttar digitale ressursar for å løyse oppgåver i alle fag?
 21. Har ein programvare til å jobbe i alle fag?
 22. Kva synes du om å bruke desse?
 23. Når blir det brukt digitale ressursar for å løyse oppgåver?
 24. Føler du at du får gjort meir eller mindre når oppgåvene er digitale?
 25. Kvifor trur du det er slik?
 26. Korleis hjelper lærarane deg i å lære med digitale reiskap (lærarperspektivet)?
 27. Er lærarane trygge på program og "dingsen" i seg sjølv?
 28. Kan du spørje lærarar og få hjelp til korleis du kan lære med digitale reiskap?
 29. Får du opplæring i bruk?
 30. Får du hjelp av maskina og slepp å vente på læraren?
 31. Får du opplæring i korleis maskina kan hjelpe deg med å gjere færre feil?
- Læring/metode
32. Korleis er arbeidsroen når ein arbeider digitalt?
 33. Jobbar du aleine eller saman med andre når digitale reiskap blir brukt?
 34. Korleis jobbar ein eventuelt saman? - kva synes du om det?
 35. Får du vist kva du kan på nye/andre måtar gjennom bruk av digitale reiskap?
Kva/korleis?
 36. Får du meir eller mindre lyst til å lære når du kan bruke digitale hjelpemiddel?
 37. Lærer du meir eller mindre føler du, når de er digitale?
 38. Korleis trur du at du må nytte digitale reiskap i framtida?
 39. Kva er favorittprogrammet ditt?
 40. Kva bør de tenke på når de skal nytte digitale reiskap?
 41. Få elevane til å svare sjølve, om dei sit fast kome innom:
 42. Lære mykje nytt, som kvar ein skal trykke?
 43. Reglar på kva som er lov og ikkje lov å bruke?
 44. Kva er eigentleg kjeldekritikk?
 45. Når bør du som elev vere oppmerksom på kjeldekritikk?
 46. Er det forhold du må tenke på med tanke på sikkerheit når du skal sende informasjon/skrive/uttrykke deg på nettet?
 47. Er det å vere på nett alltid trygt?

Lærarperspektivet:

1. Lærarane nyttar digitale ressursar verktøy for å skape variasjon og for å auke læringsutbyttet.

Når/kvifor veljar du å nytte du digitale ressursar?

Korleis verkar digitale ressursar på elevane sitt læringsutbytte?

Korleis verkar digitale ressursar inn på undervisninga di?

Opplever du arbeidet med digitale verktøy som meningsfullt?

Har du endra undervisninga grunna nye moglegheiter med digitale ressursar?

(samskriving, deling)

Korleis påverkar dei digitale ressursane undervisninga i språkfag?

Korleis har de hatt nytte av satsinga på IKT under koronastenginga?

2. Lærarane har god kjennskap til skulen sin IKT – plan

Korleis har du arbeida med skulen sin IKT-plan?

Korleis verkar denne planen inn på arbeidet ditt?

Korleis verkar planen inn på skulen si drift? (føl opp organisasjonsperspektivet)

3. Lærarane legg vekt på kjeldekritikk og etisk refleksjon rundt digitale verktøy og ressursar

Korleis arbeider du med kjeldekritikk og etisk refleksjon i faga dine?

Korleis arbeider du med kjeldekritikk og etisk refleksjon når digitale verktøy og ressursar vert nytta?

Kva synes du er viktig at elevane kan av kjeldekritikk knytt til "dine" fag?

Kva for etiske refleksjonar synst du er viktig at elevane gjer i "dine fag"?

4. Korleis påverkar bruk av digitale verktøy undervisninga og klasseleiinga?

Korleis påverkar det ro og orden?

Korleis påverkar det høvet til å gje tilpassa opplæring til kvar enkelt?

Korleis påverkar det elevane sine resultat?

Frå organisasjonsperspektivet:

5. Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov

Beskriv korleis det vert lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring

Korleis synst du at du ditt behov for erfaringsutveksling blir dekt?

Korleis synst du at du ditt behov for opplæring blir dekt?

Kva ønsker du eventuelt meir av for opplæring?

6. Leiinga legg til rette for at alle har tilgang til tilfredsstillande digitale verktøy og ressursar

Har du tilgang til tilfredsstillande digitale verktøy og ressursar?

I kva fag/ i alle fag?

Kva ressursar og verktøy ønsker du «meir av»?

7. Organisasjonen har vilje og evne til digital utvikling og endring av digital praksis

Korleis trur du digitale verktøy vil påverke undervisninga i framtida?

Har de ressursar til å følge denne utvikling på skulen?

Kva gjer du sjølve for å følge utviklinga?

Frå foreldreperspektivet:

8. Det er godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og skule/lærarar

Kva for plattformer nyttar de til å kommunisere med heimen? /Beskriv verktøya de nyttar til å kommunisere med heimen.

Korleis fungerer (den digitale) kommunikasjonen med heimen?
Er det behov for endringar/forbetringar?

9. Kva for "digitale tema" har vore tema på foreldremøte og utviklingssamtalar?

Foreldremøte:

Utviklingssamtalar:

10. Korleis synst de føresette medverkar og støttar borna i opplæringa, særleg med omsyn til nettvett og kjeldekritikk?

Foreldreperspektivet:

1. Kva for kanalar for kommunikasjon nyttar skulen? (VFS eller liknande)
 - Nyttar alle lærarar same kanalar?
 - I same situasjon?
2. Er informasjon frå skulen og om skulearbeid lett tilgjengeleg på ein digital plattform?
3. Korleis synes de at det er å nytte kanalane/ressursane skulen legg til rette for? (brukarvenlegheit)
4. Er det nokon/veit de kven de kan spørje dersom de har spørsmål knytt bruk av dei digitale kanalane?
5. Drøft påstanden: Det er godt fungerande digital kommunikasjon mellom føresette og skule/lærarar
6. Kva legg de i at kommunikasjon bør vere sikker og funksjonell?
7. Drøft påstanden: I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell?
8. Kva for "digitale emne" ha vore tema på foreldremøte?
9. Kva for «digitale emne» har vore tema i utviklingssamtalar?
10. Har eleven sine digitale ferdigheiter vore tema på utviklingssamtalene?
11. Er de som foreldre kjent med skulen sin IKT-plan?
12. Kva står det i denne planen?
13. Kor synleg er temaet "nettvett" på skulen?
14. Kor synleg er det for dykk at elevane arbeider med kjeldekritikk?
15. Veit de om det har blitt laga klassereglar for bruk av digitalt utstyr?
16. Har det blitt drøfta (felles) reglar rundt bruk av digitale verktøy i fellesskap på skulen?
17. Korleis støttar de borna i opplæringa?
18. Korleis medverkar de i undervisninga?
19. Korleis har de nettvett på agendaen i heimen?
20. Har de drøfta felles reglar for bruk av sosiale medier og liknande i foreldregruppa?
21. Drøft påstanden: Føresette medverkar og støttar borna i opplæringa, særleg med omsyn til nettvett og kjeldekritikk

Leiingsperspektivet:

1. Korleis har arbeidet med utviklinga av skulen sin IKT-plan vore gjort?
2. Kvifor starta ein med dette arbeidet?
3. Kva er målet med dette utviklingsarbeidet?
4. Korleis vil ein prioritere utviklingsarbeidet i framtida?
- (5. Kven har ansvaret for elevane sine digitale dugleik?)
5. Korleis legg skulen til rette for erfaringsutveksling?
6. Korleis legg skulen til rette for opplæring av personalet etter behov?
7. Kva for fordelar og ulemper har ein på skulen (og i kommunen) i forhold til digital utvikling?
8. Korleis vurderer du skulen sine digitale ressursar? / Har skulen dei digitale hjelpemiddel ein treng?
9. Korleis vurderer du skulen sin digitale kompetanse?
10. Går satsinga på digital utvikling ut over andre satsingsområde?
11. Blir bruk av enkelte verktøy (og ressursar) prioritert framfor andre? I så fall, kvifor?
12. Korleis bruker skulen dei digitale hjelpemiddel for tilpassa undervisning?
13. Kva for fordelar/ulemper har digitale hjelpemiddel i forhold til andre hjelpemiddel?
14. Kva vekt legg skulen på nettvett og kjeldekritikk?
15. Kva behov innanfor digitale kompetanse har skulen no, og i framtida?
16. Korleis blir erfaringane frå koronastenginga nytta vidare?
17. Korleis trur du bruk av digitale verktøy påverkar undervisninga (før, no, og i framtida)